

## PROTOKOLL

### Møte i Helseutvalet i Nordhordland

**Formål:** Møte 1-2016 Helseutvalet  
**Møtetid:** 19.februar, kl. 08.30 - 10.30  
**Stad:** Møterom Regionrådet  
**Til stades:** Ernst Horgen, Peter Kubon, Tord Moltumyr, Øivind Olsnes, Jarle Landås, Astrid Aarhus Byrknes, Anne Hildegunn Færøy  
**Forfall:** Karstein Totland, Stian Herøy  
**Møteleiar:** Astrid Aarhus Byrknes  
**Referent:** Anne Hildegunn Færøy

SAKSNR	SAKSLISTE	Ansvar/ oppfølging
01/16	<u>Godkjenning av saksliste og innkalling</u> - godkjent utan merknader	
02/16	<u>Godkjenning av protokoll fra utvalsmøte 8.januar 2016</u> - godkjent utan merknader	
03/16	<u>Endring av namn, samansetting og mandat for Helseutvalet</u> I samband med gjennomgang og evaluering av utvalsstruktur for interkommunalt samarbeid har Regionrådet vedtatt å endra namn på Helseutvalet til <i>Utval for helse og omsorg</i> . Vidare har Regionrådet vedtatt å halda på samansettinga med ordførarar, rådmann og kommuneoverlege. Utval for helse og omsorg har slik samansetting frå februar 2016: Frå Regionrådet; <ul style="list-style-type: none"> <li>- Astrid Aarhus Byrknes(Lindås), leiar</li> <li>- Stian Herøy(Fedje), nestleiar</li> <li>- Karstein Totland(Masfjorden)</li> </ul> Frå Rådmannsutvalet; <ul style="list-style-type: none"> <li>- Øivind Olsnes(Modalen)</li> <li>- Jarle Landås (Radøy)</li> </ul> Frå Fagrådet for kommuneoverlegar; <ul style="list-style-type: none"> <li>- Peter Kubon(Austrheim)</li> <li>- Tord Moltumyr(Meland)</li> <li>- Ernst Horgen(Fedje) - vararepr.</li> <li>- Anita Sørveit(Osterøy)- vararepr.</li> </ul> Utkast til mandat for utvalet var sendt ut i forkant av møtet. Etter gjennomgang og diskusjon var det semje om å endra ordlyden i punkt 2 under utvalets arbeidsoppgåver. Dette vert endra og nytt utkast vert sendt til Regionrådet for handsaming.  Vidare drøfta utvalet endra samansetting og representasjon frå kommunane i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland(SU) og korleis dette utvalet fungerer. Det vart m.a stilt spørsmål ved om SU i stor grad er blitt eit operativt utval, og i mindre grad eit utval som arbeider på eit overordna, strategisk nivå. Det vart også peika på at det er behov for å få til ein betre prosess for å sikra forankring og involvering av overordna leiarnivå - både politisk og administrativt i kommunane når det gjeld saker som	Anne Hildegunn Færøy

	<p>Su arbeider med. Utval for helse og omsorg kan vere eit eigna fora for dette, og ønskjer å få tilsendt saksliste med saksdokument i forkant av SU sine møter, og ber om at det vert sett av tid til gjennomgang og drøfting av aktuelle saker.</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Endringar i mandat vert gjort slik det er avtala og sendt ut med protokoll for møtet. Utkast til mandat vert sendt til handsaming i Regionrådet.</p> <p>Møta i Utval for helse og omsorg vert samordna med møter i SU. Saksliste til SU-møta vert sendt til medlemmene i utvalet når sekretær har mottatt den.</p>	
04/16	<p><u>Tenesteavtale 3-5, for samarbeid om innlegging og utskriving - innan somatisk sektor (<a href="http://www.saman.no/2134.961.Samarbeidsavtalar.html">http://www.saman.no/2134.961.Samarbeidsavtalar.html</a>)</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- vurdering av behov for revisjon av avtalen</li> <li>- orientering om prosess i samarbeidsutvala</li> <li>- vedlagt notat utarbeidd av Bergen kommune</li> </ul> <p><b>Drøfting:</b></p> <p>Tord orienterte om bakgrunn for saka og at det har komme innspel frå Bergen kommune om at det er behov for å ha ein gjennomgang og vurdere om det bør gjerast ein revisjon av tenesteavtale 3-5 innan somatisk sektor.</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Utvalet støttar Bergen kommune sine innspel og vurderingar av behov for gjennomgang og revisjon av Tenesteavtale 3-5 innan somatisk sektor og ber Tord Moltumyr bringe dette inn for Samarbeidsutvalet for Nordhordland</p>	Tord Moltumyr
05/16	<p><u>Mammografitilbod for Nordhordland</u></p> <p>Astrid Byrknes har vert i kontakt med Mammografisenteret i Helse Bergen der ho har etterspurt korleis mammografitilboden vert nytta og kva konsekvensar endring i tilboden kan få for kvinnehelse og utvikling av brystkreft etter nedlegging av mammografibussen. Notat som viser svar frå Helse Bergen var vedlagt i saka.</p> <p>Utvalet meiner at dette er eit døme på strukturelle endringar som kan få konsekvensar for den enkelte innbyggjar.</p> <p>Det kan sjå ut som sentralisering av tenester kan få konsekvensar for bruken av og fokus på tilboden. Det er viktig å peika på at tilboden med mammografibussen hadde andre aspekt ved seg enn sjølv screeninga, og at dersom eit slikt screeningprogram skal ha noko verdi så er det viktig å ha ei oversikt som viser om dei som er i målgruppa nyttar tilboden.</p> <p>Det vart drøfta om utvalet skal sende ei bekymringsmelding til Helse Bergen HF v/direktør om endring av dette tilboden.</p> <p>Utvalet ønskjer å få ei betre oversikt over bruken av noverande tilbod, og vil be om å få tilsendt konkrete tall for oppmøte i staden for prosentvis oversikt over bruken.</p> <p>Det vart også stilt spørsmål ved om ein burde etterspørja om ein ser sosioøkonomiske forskjellar i deltakinga etter endring og ei meir sentralisering av tilboden. Dette er eit spørsmål som bør løftast inn til overordna politisk drøfting.</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Leiar følgjer dette opp og sender brev til Helse Bergen HF v/direktør der bekymringar rundt bruken av tilboden vert lagt fram, og ber samtidig om å få tilsendt konkrete tal for bruken av tilboden sett opp mot andelen av befolkninga som er i målgruppa for dette screeningprogrammet. Det er semje om at denne førespurnaden til Helse Bergen skal gå med kopi til lokalavisene for å skapa merksemeld rundt saka.</p> <p>Når det gjeld spørsmål om sosioøkonomiske forskjellar i deltakinga etter endring og ei meir sentralisering av tilboden, så vil leiar sende skriftleg spørsmål til statsråden om denne saka.</p>	Astrid Aarhus Byrknes
06/16	<p><u>Helsehuset</u></p> <p>Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om status for byggeprosjektet. Det har ikkje vert møte i styringsgruppa eller styret sidan sist orientering. Leigetakarar har vurdert skisser som er framlagt, og konkrete innspel for å få til ein meir effektiv utnytting av arealet er meldt inn til arkitekt som gjer nødvendige endringar.</p>	

07/16	<p><u>ØHD</u></p> <p>Kristian Simonsen, legevaktsjef og Richard André Våge, overlege ØHD orienterte om status for bruk av legevakta og døgnplassane ved sengeposten.</p> <p>Presentasjon som viser aktivitet, liggetid, kven som tilviser, fordeling pr kommune og innleggingsdiagnose er vedlagt referat.</p> <p>Vidare vart det orientert om at det vert søkt om midlar til å starta arbeid med å utvikla elektronisk (web-basert) metodebok for ØHD og rutinar ved NLV.</p> <p>Avtalar med legar som går i vakt ved legevakt og ØHD er på plass, og lokal særavtale mellom DNLF og Lindås kommune er inngått for perioden 01.01.16-31.12.17.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Utval for helse og omsorg takkar for ei god og nyttig orientering, og ber om å få årleg orientering om bruken av legevakta og ØHD.</p>	
08/16	<p><u>Orientering frå andre utval</u></p> <p>Referat frå møte mellom leiarane i dei fire samarbeidsutvala i Helse Bergen føretaksområde - Administrativt kontaktmøte 8.februar 2016 var lagt ved sakslista.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Referatet er tatt til orientering.</p>	
09/16	<p><u>Eventuelt</u></p> <p>Ingen saker meldt</p>	